



Bjerkreim kommune

Kommunedelplan for kulturminne

2006 - 2010



Kløgetvedttunet (Foto: John Sirevåg)

Endeleg versjon

Handsaming:
Formannskapet 4. desember 2006
Kommunestyret 13. desember 2006

INNLEIING	5
1.1 Kva er kulturminne?.....	5
1.2 Kvifor ein kulturminneplan?.....	5
1.3 Om planen	5
1.3.1 Planprosessen.....	5
1.3.1 Endringar.....	6
1.3.2 Planen si oppbygging	6
1.3.3 Planmaterialet.....	6
2.0 DEFINISJONAR	6
2.1 Kulturminne og kulturlandskap	6
2.1.1 Fornminne og nyare tids kulturminne	7
2.2 Kva er freda, verna og verneverdige kulturminne?.....	7
2.2.1 Freding	7
2.2.2. Vern.....	7
3.0 MÅL, STRATEGI OG TILTAK	8
3.1 Nasjonalt nivå	8
3.2 Regionalt nivå	9
3.3 Kommunalt nivå.....	9
3.3.1 Målsetting.....	9
3.3.2 Strategiar og tiltak	9
3.3.3 Status for tiltak som òg var fremma ved førre rullering	11
3.3.3.1 Sikring av objekt i vernekasse A	11
3.3.3.2 Registrering og prioritering av kulturminne og kulturlandskap fram til 1950.....	12
3.3.3.3 Vera restriktive i handsaminga av bygge- og rivingssaker der objekt i vernekasse B blir skadelidande, leggja vekt på at eit representativt utval av desse kulturminna står att	12
3.3.3.4 Halda fram med å kartfesta liste over kulturminne og kulturmiljø.....	12
3.3.4 Tiltak som ikkje lenger er aktuelle.....	12
3.3.4.1 Arbeida for at Dyrskog, Landsdal og Kleppali får status som landskapsverneområde	12
4.0 KULTURMINNE (FASTE) OG KULTURMILJØ I BJERKREIM	12
4.1 Natur.....	12
4.2 Forminne	13
4.3 Kulturminne frå nyare tid.....	13
4.4 Kort om bustadbygginga i Bjerkreim.....	14
4.4.1 Midtgangshusa	14
4.4.2 Sveitsarhusa	14
4.4.3 Funksjonalismen 1925 - 1965	15
4.4.4 Ferdighuset frå 1965 fram til i dag.....	15
4.5 Driftsbygningar og sekundærbygningar.....	15
4.6 Bygningsmiljø	15
5.0. ANSVAR OG VERKEMIDDEL I KULTURMINNEVERNET	16
5.1 Ansvar	16
5.1.1 Offentleg ansvar	16
5.1.2 Eigaren sitt ansvar	16
5.2 Lovar	17
5.2.1 Kulturminnelova	17
5.2.2 Naturvernlova.....	17
5.2.3 Plan- og bygningslova.....	17
5.3 Økonomiske verkemiddel	18
5.3.1 Offentlege tilskotsordningar	18

5.3.1.1 Landbruksdepartementet	18
5.3.1.2 Miljøverndepartementet	18
5.3.1.3 Rogaland fylkeskommune.....	18
5.3.1.4 Norsk kulturminnefond	18
5.3.1.5 Bjerkreim kommune	19
5.3.1.6 Fortidsminnforeningen, avdeling Rogaland.....	19
6.0 LITTERATURLISTE	20
7. 0 VEDLEGG.....	21
7.1 Kulturminne og fornminne i Bjerkreim	21
7.1.1. Om planmaterialet.....	21
7.1.1.1 Kulturminne er underlagt vern i Bjerkreim kommune.....	21
7.1.1.2 SEFRAK-registeret	21
7.1.2 Bygningar i vernekasse A	22
7.1.3 Bygningar i vernekasse B	24
7.1.4 Registrerte kulturminne etter 1537	25
7.1.5 Fornminne og fornminnefelt i Bjerkreim.....	28
7.1.6 Prioriterte fornminne	31
7.2 Retningslinjer for restaurering av eldre hus	32
7.3 Byggeskikkpris for Bjerkreim kommune.....	35
Vedtekter:.....	35

INNLEIING

1.1 Kva er kulturminne?

Kulturminne er alt som fortel oss noko om korleis menneska før oss har levd. Det kan vere fysiske spor etter busetnad og næringsverksemd, naturelement som har vore knytte til tradisjon, anna symbolverknad eller andre typar av handfaste ting som fortel noko om fortida. Det er to hovudgrupper av *materielle kulturminne*: faste kulturminne og gjenstandar. Dei *immaterielle kulturminna* som til dømes soger og segner, folkemusikk, stadnamn og bygdetradisjonar, er òg ein særskilt verdifull del av vår felles kulturarv.

1.2 Kvifor ein kulturminneplan?

I St.meld. nr 16 *Leve med kulturminner* (2004-2005) understrekar regjeringa at kulturarven¹ er ein viktig ressurs som kjelde til kunnskap og opplevelingar, og for utviklinga av lokalsamfunn og verdiskaping innan næringslivet. Dei måla og strategiane som gjeld i dag fremjar ikkje bruk av, og omsorg for, desse ressursane på ein god nok måte. I meldinga legg derfor regjeringa fram ein tiltakspakke som skal gjelda fram mot 2020. Tiltaka skal sikra at mangfaldet av viktige kulturminne og kulturmiljø ikkje går tapt og at potensialet ved kulturarva blir brukt meir aktivt. Dei same målsettingane gjeld òg på regionalt og kommunalt nivå. Rogaland fylkeskommune vedtok i 2004 *Fylkesdelplan for friluftsliv, idrett, naturvern og kulturven* (FINK), som nettopp legg vekt på å auka kunnskapen om kulturminne generelt, slik at fleire blir tekne vare på og, i større grad enn no, blir anerkjent som ressursar. Bjerkreim kommune vedtok sin fyrste kommunedelplan for kulturminne alt i 1998, og var såleis ganske tidleg ute med dette arbeidet. I FINK'en er det til dømes framleis ein viktig strategi, i målet mot juridisk vern og praktisk vedlikehald av kulturminne, å stimulera kommunane til å utarbeida kulturminneplanar.

Eit godt planverk er såleis viktig på alle nivå i den offentlege forvaltninga. Kulturminneplanen i Bjerkreim skal: a) fungera som eit styringsverktøy både for administrasjon og politikarar, b) gje politisk aksept for at kulturminne er verdifulle å ta vare på, c) legitimera offentleg tilskot frå eksterne instansar, d) vera ei viktig informasjonskjelde til framtidige generasjonar, e) bidra til målretta vedlikehald av kulturminna våre og f) gje god informasjon om *verdien* av kulturminna.

1.3 Om planen

1.3.1 Planprosessen

Saka om Bjerkreim kommune skulle laga ein kulturminneplan vart handsama i kommunestyret 29.05.96. Planen vart godkjent 25. november 1998. Planen skal rullerast kvart fjerde år i samband med rullering av kommuneplanen. Kulturminneplanen skal ha status som kommunedelplan.

Ved rulleringa av planen i 2001 blei det nedsett både ei politisk styringsgruppe og ei administrativ arbeidsgruppe. Den politiske gruppa besto av ein representant frå kvart utval, medan regionsantikvar, plan- og miljøvernleiar, jordbruksjef, LMT-sjef (landbruk, miljø og teknikk) og kultursjef inngjekk i den administrative gruppa.

Sidan prosessen ved førre rullering var så grundig, har ein no valt å gjera det noko enklare, ved at administrasjonen sjølve lagar høyringsutkastet. Kultursjefen har stått for revideringa med innspel frå landbruksjef og kommunalsjef for LMT. Formannskapet handsamar høyringsutkastet først, medan både levekårsutvalet og LMT-utvalet får uttala seg om planen før endelig handsaming i kommunestyret. Det blir òg lagt opp til ein brei høyringsrunde kor mellom anna regionsantikvar og lokale lag og organisasjonar inviterast til eit diskusjonsmøte om planen.

Sjølv om det er gjort ein del endringar i planen, er hovudinnhaldet det same som i versjonen frå førre periode (2002-2006). Det er òg gjort greie for dei elementa som er endra eller teke ut. I arbeidet har ein elles teke omsyn til den reviderte kommuneplanen for Bjerkreim samt nye statlege og regionale planar innan kulturminnearbeidet.

¹ 'Kulturarv' bli her nytta som eit samleomgrep for alle typar materielle og immaterielle kulturminne.

1.3.1 Endringar

Generelt har det vore ei målsetting å korta ned og forenkla planen. Nokre av kapitla i den førre versjonen var svært lange, særleg var det referert mykje lovtekst. Dette blir no vurdert som unødvendig, fordi lover først og fremst er oppslagsverk som nyttast etter behov. Det viktige er å vita kva for lover som finst og gjeld i kulturminneforvaltninga. Dersom ein treng meir detaljkunnskap om innhaldet i desse, kan ein ta kontakt med kommunen eller til dømes nyta www.lovdata.no.

Det er òg gjort ei viktig endring i høve til *kva* planen gjeld. Den førre planen handla berre om faste kulturminne. Alle mål og tiltak var såleis knytte opp mot dette. No, med bakgrunn i gjeldande planar på lokalt, regionalt og nasjonalt nivå, er òg *kunnskap* og *formidling* viktige satsingsområde i kulturminneforvaltinga. Det er såleis òg laga målsettingar, strategi og tiltak for dette arbeidet. "Haldningsskapande arbeid og informasjon" var òg tema i eit kapittel i førre versjon, utan at det blei konkretisert på same måte som her.

Elles har ein prøvd å skilja klarare mellom omgrepa mål, strategi og tiltak. Dette gjer at planen er meir oversikteleg og såleis kan fungera betre som eit styringsverktøy for politikarar og administrasjon.

1.3.2 Planen si oppbygging

Kapittel 2 definerer viktige omgrep i kulturminnearbeidet, medan *kapittel 3* skisserer mål, strategi og tiltak. Det er lagt vekt på å referera mål og tiltak òg på nasjonalt og regionalt nivå, for å visa samanhengen mellom dei ulike nivåa i forvaltinga. *Kapittel 4* gjer ei kort oversikt over faste kulturminne og kulturmiljø i Bjerkeim samt ein gjennomgang av bustadbygginga i eit historisk perspektiv. Ansvar og virkemiddel i kulturminneforvaltinga blir skissert i *kapittel 5*. I tillegg til ei klargjøring av eigars og det offentlege sitt ansvar, gis det ei oversikt over lovar og økonomiske tilskotsordningar for eigarar/ brukarar av verneverdige bygg og anlegg. I tillegg kjem litteraturliste og fylgjande vedlegg: a) oversikt over registrerte fornminne og nyare tids kulturminne i Bjerkeim, b) retningslinjer for restaurering av eldre hus og c) vedtekter for byggeskikkprisen i Bjerkeim.

1.3.3 Planmaterialet

Omgrepet *planmaterialet* er knytte til oversikten over kartlagde kulturminne i Bjerkeim (sjå kapittel 7). Planmaterialet tek utgangspunkt i fleire tidlegare planar, mellom anna Fylkesplan for kulturminne i Rogaland og kulturminne registrert av Riksantikvaren i 1980. I tillegg kjem SEFRAK registreringane (Sekretariatet for registrering av faste kulturminne i Norge). Dette arbeidet blei starta i 1974-75 og skulle i prinsippet omfatta alle faste kulturminne i Noreg i etterreformatorisk tid. I dei fleste kommunar i Rogaland er det likevel berre bygningar som er registrerte. I Bjerkeim vart SEFRAK- registreringane gjort i 1980-81 og materialet blei evaluert i 1996.

Denne planen gjer ei oversikt over registrerte faste kulturminne frå tida etter 1537 og fram til 1900. Ved neste rullering av kulturminneplanen er det òg eit viktig tiltak å få oppdatert kulturminne i Bjerkeim fram til 1950.

2.0 DEFINISJONAR

På kulturminnefeltet er det ein del sentrale omgrep som det er nødvendig å kjenna til.

2.1 Kulturminne og kulturlandskap

Kulturminne er altså spor etter menneskeleg verksemd som fortel oss om menneska sitt liv og verke i fortida. Gjennom landbruk, anleggsarbeid, industri m.m. har menneska endra landskapet frå naturlandskap til *kulturlandskap*. Omforminga har skjedd i større eller mindre grad. I høgfjellet er t.d. landskapet vanlegvis lite endra samanlikna med jordbruksbygder og tettstader. Kulturlandskapet har gjennomgått ei kontinuerleg endring gjennom menneska si historie, men tida etter 2. verdskrigen skil seg ut fordi endringane har vore meir djuptgåande enn tidlegare. Dette har ført til auka behov for vern av landskap.

2.1.1 Fornminne og nyare tids kulturminne

Fornminne er omgrepet for kulturminne frå oldtid og middelalder, det vil seia frå tida før reformasjonen i 1537. Alle kulturminne som er datert seinare enn dette kjem inn i kategorien nyare tids kulturminne.

2.2 Kva er freda, verna og verneverdige kulturminne?

2.2.1 Freding

Nokon kulturhistoriske eller arkitektonisk verdifulle kulturminne og kulturmiljø er av så stor verdi for nasjonen at dei blir beskytta ved bruk av statlege virkemidlar. Dette inneber at dei er *freda gjennom kulturminneloven*. Dette kan skje automatisk på bakgrunn av fastsette kriterium eller gjennom enkeltvedtak etter ei konkret vurdering (St.meld.16, 2004-2005:13). Freding etter kulturminneloven skal sikra at eit representativt utval kulturminne, basert på geografiske, sosiale, etniske og tidsmessige vurderingar, blir tekne var på. Staten gjer økonomiske tilskot og tek òg del på andre måtar i forvaltninga av desse kulturminna.

Kulturminne som er automatisk freda gjennom kulturminneloven er:

- alle arkeologiske kulturminne frå før 1537
- erklært ståande byggverk frå perioden 1537-1649
- samiske kulturminne som er eldre enn 100 år
- skipsfunn som er eldre enn 100 år

Med unntak frå bygningar frå 1537-1649 ligg det ikkje noko vurdering av det enkelte kulturminnet til grunn for fredinga. Årsaka er at ein på grunnlag av alderen aleine definerer dette som kulturminne med store kulturhistoriske verdiar (:13). Bygningar som er oppført etter 1537 kan i tillegg vedtaksfredast etter Kulturminneloven.

2.2.2. Vern

Kulturminne og kulturmiljø av nasjonal, regional eller lokal verdi kan sikras, eller *vernast*, gjennom plan- og bygningsloven. Hovuddelen av desse har likevel ikkje noko formelt vern, men blir tekne vare på fordi eigarane eller andre interesserte brukarar, sett pris på dei. Nokre kulturminne blir òg verna fordi museum eig eller har vedlikehaldsansvaret for dei. Desse er som regel ikkje freda etter kulturminnelova. Musea kan vere offentlege, halvoffentlege, private, stiftingar eller ha anna organisasjonsform.

2.2.2.1 Kriterium for vern

Generelt sett er målet å ta vare på minne frå eit breiast mogleg spekter av menneskeleg aktivitet frå heile historia vår. Ein bør legga vekt på å verna minne frå alle deler av folket. Det er ikkje alltid dei mest storslegne kulturminna som gjer oss størst forståing for landet si historie og for det daglege verket til forfedrane våre. Synet på kva som er verneverdig, er ikkje fastsett ein gong for alle og det er neppe mogleg å kome fram til eksakte kriterium for verneverdi. Nokre omgrep og kriterium kan ein likevel ta utgangspunkt i (Riksantikvarens rapportar 1, 1982: 7):

- | | |
|--------------------------------|---|
| • typisk | kor typisk kulturminnet er innanfor eit visst geografisk område |
| • sjeldan | kor sjeldan kulturminnet er |
| • teknisk stand | kva teknisk stand kulturminnet er i |
| • ledd i levande kultur | er minnet framleis i bruk som fører tradisjonar vidare |
| • informasjonsverdi | kan kulturminnet konkretisere viktige sider ved historia vår |
| • identitetsverdi | er kulturminnet identitetsskapande for bygda/landsdelen |
| • symbolverdi | har kulturminnet regionale eller nasjonale symbol |
| • originalens eigevert | objektet har verd i kraft av seg sjølve og alder |
| • alder | |
| • bygningshistorie | |
| • sosialhistorie | |

- næringshistorie

2.2.2.2 Verneklassar for bygningar

SEFRAK - registreringa gjekk, som òg nemnt i innleiinga, ut på å kartlegga faste kulturminne etter reformasjonen og fram til 1900. I vurderinga blei bygningen gitt ein verneverdi basert på ulike kriterium. Denne verdien er tredelt med gradering frå A til C:

- A: Verneverdige bygningar med eit fredingspotensiale.
- B: Bygningar som er aktuelle for spesialregulering til verneformål.
- C: Bygningar som bør bli underlagt plan- og bygningsloven sine generelle føresegner.



Skulebenk frå skulehuset på Birkeland

3.0 MÅL, STRATEGI OG TILTAK

3.1 Nasjonalt nivå

Regjeringa si satsing på kulturminnefeltet er, som nemnt i innleiinga, samla i Stortingsmelding nr. 16, *Leve med kulturminner* (2004-2005). Regjeringa vil at kulturarven i større grad skal takast i bruk og danna grunnlag for verdiskaping. Dei overordna måla for kulturpolitikken er såleis (:15):

- mangfaldet av kulturminne og kulturmiljø skal bli teke vare på som bruksressursar og grunnlag for kunnskap, oppleving og verdiskaping
- eit representativt utval av kulturminne og kulturmiljø som dokumenterer geografisk, sosial, etnisk, næringsmessig og tidsmessig bredde skal gis varig vern gjennom freding.

Regjeringa vil sikra kulturminne og kulturmiljø og ivareta statens ansvar mellom anna ved å:

- fornya fredingspolitikken og gje betre rammevilkår for private eigalarar
- forvalta sine eigne eigedomar på ein eksemplarisk måte
- gjera kunnskap og opplevingar knytte til kultminne tilgjengelege for alle
- stimulera til at offentleg forvaltning blir ein pådriver i arbeidet med å sikra kulturminne
- styrka samarbeidet med frivillige organisasjonar
- styrka internasjonalt samarbeid og utviklingsarbeid

3.2 Regionalt nivå

Rogaland fylkeskommune sine gjeldande mål, strategiar og tiltak på kulturminnefeltet er skissert i *Fylkesplan for friluftsliv, idrett, naturvern og kulturvern* (FINK) som blei vedteken i 2004. Hovudmålsetjinga for kulturminnearbeidet generelt er:

- å auka kunnskapen om kulturminne for å bidra til at fleire står urørte og blir tekne vare på i eit langsiktig perspektiv. Kulturminne skal vera ein ressurs, ikkje eit problem.

Dette er òg hovudmålet for arbeidet knytte til *fornminnene*. I tillegg har fylkeskommunen dette hovudmålet for nyare tids kulturminne:

- bidra til at disse får tenleg juridisk vern og praktisk vern/ vedlikehald. Stimulera til at kommunane utarbeider kulturminneplanar.

For å nå desse måla skisserer fylkeskommunen mellom anna desse tiltaka:

Fornminne:

- utarbeida informasjonsmateriell om fornminne, til dømes i brosjyrar, på skilt og nettet
- utvikla driftsmodellar/ plan for skjøtsel av fornminne
- i perioden 2004-2008 bør minst eit fornminne i kvar kommune bli skilta og lagt til rette for publikum
- gje fyldige uttaler i kommuneplansaker

Nyare tids kulturminne:

- fredingsprosjektet *Vel bevart*
- etablera ein regional tilskotsordning
- stimulera til etablering av lokale byggeskikk- og landskapspleieprisar
- laga, og halda à jour, ei oversikt over tilskotsordningar knytte til kulturminne
- etablera og halda vedlike databasen
- bidra med gode eksempel
- dialog med kommunar og regionsmuseum om alternativa ordningar knytte til praktisk vern
- arrangera kurs i praktisk vern, mellom anna for lokale forvaltarar av SMIL-midlar

3.3 Kommunalt nivå

3.3.1 Målsetting

Bjerkreim si gjeldande hovudmålsetting for kulturminnearbeidet er skissert i kommeuneplanen sin skriftlege del som gjeld frå 2006 til 2018:

- levandegjera kulturarven og samstundes ta vare på kulturminneskattane våre

Dette fell òg godt saman med måla på nasjonalt og regionalt nivå. Bjerkreim si målsetting inneber meir konkret at me i kulturminnearbeidet må fokusera på to område, eller delmål: a) *formidling* av og, auka *kunnskap*, om kulturarven generelt og b) *praktisk vern* og skjøtsel av fornminne, og *praktisk og juridisk vern/ vedlikehald* av faste kulturminne frå nyare tid. Begge delmåla har òg stått sentralt i kulturminnearbeidet tidlegare år, men det er framleis rom for forbetring og utvikling.

3.3.2 Strategiar og tiltak

For å jobba vidare mot dei skisserte målsettingane vil fylgjande strategiar og tiltak vera aktuelle i planperioden:

Delmål a): Formidling av, og auka kunnskap om, kulturarven generelt

Strategiar:

- leggja til rette for kunnskap om kulturarven for barn og unge

- utvikla samarbeidet med regionsantikvar, museum, lokale lag og organisasjoner og andre aktuelle instansar
- legga til rette for enklare tilgang på kunnskap og informasjon om kulturarven
- legga til rette for ulike typar arrangement knytte til kulturarven

Tiltak:

- kulturarv som tema i den kulturelle skulesekken.
- leggja grunnlag for utarbeiding av eit kronologisk historieverk om Bjerkreim
- delta aktivt med fleire lokale arrangement i det neste kulturminneåret som regjeringa planlegg i 2009
- vidareutvikla Kløgetvedttunet som eit kultur- og formidlingssenter, både når det gjeld innhald og fysisk tilrettelegging
- revitalisera Storrsheia, eit av dei best bevarte øydegarðsanlegg i landet
- sørge for at det planlagde nye turkartet for Bjerkreim òg gjer informasjon om kulturminne, om mogleg både materielle og immaterielle. (Prosjektet vil bli eit samarbeid mellom landbrukskontoret, grunneigarar, lokale lag og organisasjoner og kulturokontoret)
- delta aktivt i planlegging og utvikling av bergverksenteret i Dalane, slik at òg Ørstdalen gruver og gruvemuseum kan bli fornya og vidareutvikla gjennom denne satsinga
- vidareutvikla informasjonen om kulturarven på kommunen sine nettsider
- dokumentera og formidla Dyrskog sin historie (samarbeid med landbrukskontoret)

Delmål b): Sikra praktisk vern og skjøtsel av fornminne, og juridisk og praktisk vern/vedlikehald av nyare tids kulturminne.

Dette delmålet med strategiar og tiltak gjeld berre *faste kulturminne*, det vil seia bygg og anlegg (t.d. ferdelsårer etc.) som ikkje er flyttbare. Gjenstandar blir alt tekne vare på av musea og private samlarar. For å nå den skisserte målsettinga vil følgjande strategiar og tiltak vera aktuelle:

Strategiar:

- auka kunnskap om fornminne og nyare tids kulturminne
- betre økonomiske förutsetnader for vedlikehald av viktige kulturminne
- auka kunnskapen om dei tilskot- og låneordningane som finst
- auka medvite knytte til at kulturminne er ressursar i kraft av seg sjølve og det dei representerer, men òg når det gjeld potensialet for vidare verdiskaping
- auka det generelle medvite om at nyare kulturminne, heilt fram til vår nære fortid, òg kan vera verdfulle og såleis må takast vare på
- sikra formelt vern av viktige nyare tids kulturminne
- sikra formelt vern av viktige kulturlandskap
- redusera det årlege tapet av automatisk freda kulturminne fram mot 2020

Tiltak:

- informera grunneigarar og andre aktuelle deltakarar om kurs innan vedlikehald og skjøtsel
- informera om, og gje tilskot frå, SMIL- midlane som i Bjerkreim har tre satsingsområde: a) tilettelegging for natur- og kulturopplevingar i landskapet, b) vedlikehald av gamle bygningar i eit kulturhistorisk perspektiv og c) skjøtsel og vedlikehald av kulturlandskapet
- jamleg gje eigalar av verneverdige bygg og anlegg skriftleg informasjon om eksterne tilskots- og låneordningane.
- årleg utlysa og dela ut kommunen sine kulturminnemidlar, totalt kr. 30 000,- pr. år.
- jobba for at kommunen sine kulturminnemidlar aukar ved å fremja dette som tiltak i budsjettprosessen.
- dela ut Bjerkreim kommune sin byggeskikkpris kvart anna år.
- Overhalda meldeplikten når ein kjem over automatisk freda kulturminne
- jobbe for at alle objekt i verneklassen A blir gjennomgått og sikra og, eventuelt, om eigar ynskjer det, regulert til spesialområde bevaring.

- stimulera til at Dyrskog framleis blir eit prioritert område og godt teke vare på
- vera kritisk i handsaminga av bygge- og rivingssaker der objekt i vernekasse B blir skadelidande, leggja vekt på at eit representativt utval står att
- kartlegga og prioritera faste kulturminne fram til 1955
- halda fram med å kartfesta kulturminne og kulturmiljø
- revurdera liste over kulturminne etter 1537 (kap. 7.1.4)
- aktivt bruka databasen Askeladden i kulturminnearbeidet



Skjøtsel av fornminne, Hovland i Ørsdalen

3.3.3 Status for tiltak som òg var fremma ved førre rullering

Fleire av tiltaka var og fremja ved førre rullering, men har av ulike årsaker ikkje blitt gjennomført, og det blir såleis eit mål å realisera desse i kommande planperiode.

3.3.3.1 Sikring av objekt i vernekasse A

I førre planperioden var det eit prioritert tiltak å sikra objekta i vernekasse A. Følgjande objekt sto då att:

OBJEKT	EIGAR	FORESLÅTT SIKRING
Den gamle lensmannsbustaden på Bjerkeim	Klaus Bjerkeim	Regulering til spesialområde bevaring
Våningshus og fjøs på Åsen	Stiftelsen Åsen	Regulering til spesialområde bevaring
Våningshus på Steinsland	Odd Steinsland (ny)	Ikkje spesifisert
Kvernhus på Hetland	Sigmund Skjæveland	Ikkje spesifisert
Kvernhus og tørke på Sagland	Ole Grønning	Ikkje spesifisert

Av desse objekta er det i planperioden berre Åsen som har fått formelt vern gjennom regulering til spesialområde bevaring (2005). Ved ei slik regulering må det sjølvsagt spelast på lag med eigar. Eigarane av lensmannsbustaden på Bjerkeim har teke godt vare på huset, og det er såleis ikkje nokon fare for at det forfell. Våningshuset på Steinsland er i dårleg forfatning, men har no fått ein ny eigar som ynskjer å ta vare det. Regionsantikvaren er kopla inn og er i gang med å laga ein rehabiliteringsplan. Eit eventuelt formelt vern vil bli teke stilling til når alle planar og kostnader ligg føre. Regulering til spesialområde bevaring medfører at eigar må søkja om alle framtidige eksteriørmessige endringar. Fordelen er likevel at det opnar for andre, eksterne tilskotsordningar kor kulturminne som har eit formelt vern blir prioritert høgare enn dei som ikkje har det. Dei to kvernhusa er det ikkje blitt gjort noko med førebels, men eigarane vil etter kvart bli oppfordra til å sikra bygga mellom anna ved hjelp av SMIL midlar.

3.3.3.2 Registrering og prioritering av kulturminne og kulturlandskap fram til 1950

Registrering og prioritering av kulturminne og kulturlandskap fram til 1950 er ei teneste som må kjøpast og krev såleis ekstrabevillingar. Tiltaket har derfor blitt fremja i budsjettsamanheng fleire gonger, men utan å nå fram. Dette inneber at det ikkje er noko særleg med endringar i lista over kulturminna i kommunen samanlikna med førre rullering. Det er likevel ei viktig oppgåve å få registrert òg dei kulturminna som fortel om vår nære fortid, og tiltaket vil såleis bli fremja i budsjettsamanheng til det vinn fram eller kan finansierast på annan måte.

3.3.3.3 Vera restriktive i handsaminga av bygge- og rivingssaker der objekt i vernekasse B blir skadelidande, leggja vekt på at eit representativt utval av desse kulturminna står att

Dette er ein kontinuerleg prosess som sjølvsagt òg vil halda fram i tida som kjem. I førre planperiode blei det gitt rivingsløyve til eit bygg i denne verneklassen, våningshuset på Asheim, g.nr.42/2.

3.3.3.4 Halda fram med å kartfesta liste over kulturminne og kulturmiljø

Bjerkreim kommune må sjølve kartfesta viktige lokale kulturminne frå nyare tid. Desse treng ikkje å ha noko formelt vern. Tiltaket må sjåast i samanheng med kartlegging og prioritering av kulturminne fram til 1950. Ein kan ikkje kartfesta alle kulturminne frå denne perioden, men det er altså ei målsetting å plukka ut dei viktigaste.

På sikt er det òg eit nasjonalt mål at alle kulturminne (fornminne og nyare tids kulturminne) skal samlast i ein felles database, *Askeladden*. Ansvaret for dette arbeidet ligg hos fylkeskommunen.

3.3.4 Tiltak som ikkje lenger er aktuelle

Eit av tiltaka i kulturminneplanen for 2002 til 2006 er ikkje lenger aktuelt.

3.3.4.1 Arbeida for at Dyrskog, Landsdal og Kleppali får status som landskapsverneområde

Dyrskog, Landsdal og Kleppali fekk i 2001 tildelt kr. 50 000 frå fylkesmannen si landbruksavdeling til utarbeiding av ein felles skjøtselsplan. Dette arbeidet blei aldri gjennomført og midlane blei såleis trekte inn i 2006. Bjerkreim kommune ønskjer derfor ikkje å prioritere alle desse områda i kommande planperiode, med mindre eigarane sjølve tek eit klart initiativ. I staden vil ein fokusera på Dyrskog aleine kor eigarane strekk seg svært langt for å hindra gjengroing, og mellom anna må frakta dyra i båt for å få dei på beite. Dyrskog er dessutan prioritert høgt på lista over verneverdige kulturlandskap i nasjonal samanheng og vann Rogaland fylkeskommune sin kulturlandskapspris i 1991. Garden fekk òg i 2005 tildelt eit årleg tilskot gjennom regionalt miljøprogram til vedlikehald av jordbruksarealet gjennom beiting. Dette tilskotet er berre tilgjengeleg for enkelte område der ein meiner det er spesielt viktig å hindre gjengroing, og er i tillegg berre gitt til fastsette bruk i Lysefjorden.

4.0 KULTURMINNE (FASTE) OG KULTURMILJØ I BJERKREIM

4.1 Natur

Bjerkreim er ei fjellbygd, vel 650 km² stor. Lange fjelldrag og dalar går frå høgheiane i nordaust til dei minkar ned til berg og åsar mot grensa til Eigersund og Ogsna. Landskapet er rikt på kontrastar. Her er bratte, golde fjell, trebare vidder dekka med stein, idylliske heirområde og frodige bygder. Fjell, vatn og elver deler landskapet i ei rekke avdelte bygdelag. Over alt er det spor etter menneskeleg verksem: dyrka mark, beiteområde, bygningar av ulik alder, steingjerde og bygningsrøyser. Fordi store deler av landskapet er utan tre, er disse kulturminna godt synlege. ("Frå haug til hei", nr. 2 1985)

Bjerkreim er den største jordbrukskommunen i Dalane. Jordbruket er moderne og variert. Spesielt er det satsa på mjølkeproduksjon og kjøtproduksjon på sau og storfe. Gode fjellbeiter har gitt gode føresetnader for sauehaldet. Ein stor del av næringsverksemda er knytte til jordbruket, mellom anna

foredling av meieriprodukt. Av anna industri kan ein nemne trevare, produksjon av isolasjonsglas og ventilasjonssystem.

I Bjerkreim finst det spor etter menneske som det er viktig å ta vare på. Gjennom desse spora kan vi lesa vår historie, læra om vår kultur og våre tradisjonar. Bøndene er forvaltarar av det aller meste av kulturminna og kulturlandskapet i kommunen. Ei god forvaltning handlar om å sikra kulturarven, men det handlar vel så mykje om å gjera bruk av han på ein fornuftig måte i vårt daglege virke. Me kan ikkje stoppa utviklinga i landbruket ved å verna alt. Kulturlandskapet, med store og små kulturminne, vert best skjøtta gjennom aktiv bruk. Det er eit aktivt landbruk i drift som vil vere avgjerande for at til dømes verneverdige bygningar i landbruket kan vere i bruk og verte halde ved like.

4.2 Fornminne

Fornminne er eit automatisk freda kulturminne. Sørvest-Noreg vart tidleg isfritt, og soga om dette kulturlandskapet kan me følgja heilt attende til steinalderen. Rogaland høyrer til dei rikaste kulturminneområda i landet. Mange av kulturminna er markerte og synlege, andre er meir anonyme. Store haugar og kollar i landskapet kan vere gravminne, kanskje bygd for 2-3000 år sidan. Utydelege låge vollar og nedgrodde vegfar kan vere restar etter gamal busetnad og samfunnsstrukturar.

Det er spor frå eldre busetting mange stader i Bjerkreim. Etter registreringane til Arkeologisk museum (AmS) har vi mellom 100 og 150 områder med fornminnefelt i Bjerkreim. Det er alt frå bygdeborg, heller, gravrøyser, rydningsrøyser, gardsanlegg og tufter.

Gjennom eit samarbeid mellom grunneigarar, AmS og Bjerkreim kommune, er fornminne-feltet (øydegardsanlegget) på Storrsheia ved Vikeså tilrettelagt for allmenta. Her har ein opparbeidd turveg/ tursti og informasjon om minna. Det er eit mål for Bjerkreim kommune å få aktivisert feltet for skuleklassar i distriktet, turistar og folk i lokalmiljøet.

Alle fornminne som er omtalt i denne planen er synlege. Det er likevel viktig å vera klar over at det òg finst mange fornminne som ein ikkje kan sjå fordi dei til dømes ligg under jorda eller under vatn. Desse er òg automatisk freda gjennom kulturminnelova. I fylgje Arkeologisk museum og Sjøfartsmuseet finst det i, og i nærleiken, av Bjerkreimsvassdraget mange slike kulturminne.

4.3 Kulturminne frå nyare tid

Dei kulturminna som er registrert i jordbrukslandskapet er først og fremst bygningar og ulike typar steinkonstruksjonar. Dei eldste er frå før den store utskiftinga i siste halvdel av 1800-talet. (jordskifte, dette medførte ei anna organisering av bygningane enn tidlegare. Ein ser at bygningsorganiseringa følgjer næringsgrunnlaget til jorda). Det er registrert gamle ræge, som var vegar omgitt av steingjerde som førte vegen frå tunet og ut i marka, klopper, steinbru og inngjerda hagar m.m.

Dei kulturlandskapa som blei utforma i tida etter dei store utskiftingane ligg kvar for seg. Store, samanhengande åker- og engareal er rydda for stein og tilpassa moderne plogar, harver og slåmaskinar. Dette er hestereddskapa sitt landskap.

I høve utskiftinga og utflyttinga vart gjerne bygningsmassen fornya eller sterkt endra. Husa vart ofte utvida med arker i samsvar med rådande bygningsstil (sveitsarstil), samtidig som bygningen si hovudform er ei vidareføring av eldre tradisjon (midtgangshusa). Det er registrert m.a. vassdrivne korntørker, treskjeverk og slipesteinar frå denne tida.

Endringar av det tidlegare busettingsmønsteret i Bjerkreim har resultert i at det i dag finst ein rekke gamle og ubrukte vegar og vegfar (stiar/tråkk). Utan om dei interne gardsvegane/ drifte-vegane, var det ofte vegsamband mellom dei ulike gardsbruka (stiar, gangvegar og ridevegar). Det var og lengre vegsamband mellom tettstadene. I Bjerkreim er lengre samanhengande vegar med kjerrevegstandard ikkje kjent før i ca 1820 med "Prestevegen" mellom Bjerkreim og Helleland. Typisk for denne og andre eldre vegar er steingjerde på kvar side av vegen (Ferdelsvegane i Dalane).

Det er registrert fleire eldre skular og to kyrkjer i Bjerkreim, der kyrkjene er særslig interessante. Grunnen er at slottsarkitekt Linstow laga typeteikningar og begge kyrkjene er eit resultat av dette.



Meieriruinane på Røysland

4.4 Kort om bustadbygginga i Bjerkreim

I denne samanhengen skal bare våningshus omtala. Dette er ikkje fordi at låvebygningar, fjøs, uthus o.l. ikkje har verdi, men skuldast ei manglande systematisering av denne bygningsmassen og bør vera eit av satsingsområda i det generelle vernet.

4.4.1 Midtgangshusa

Av den eldre busetnaden frå før 1900 som framleis er intakt er midtgangshusa, dvs. bygning med gang og kjøkken i midtsona og med stove, eventuelt med kammers/svål, på kvar side den mest vanlege. Denne plantypen finn ein att over store delar av landet, men for Dalane sitt vedkomande er den sjølve hovudtypen opp til ca. 1880 - 1890. Midtgangshusa vert avløyst av det såkalla "midtpipehuset" med 4 og 5-delt plan. Midtgangshusa sin storlek er basert på lengda til tømmerstokken. Hus av denne type frå før ca. 1825 er ei anna utviklingshistorie enn tilsvarende hus frå tida etter 1825. Det tidlegare midtgangshuset er utvikla på ei enkel tømra kjerne med tilstøytande lette konstruksjonar (kjøkkendel, svål, skud) i reisverk/bindingsverk. I enkelte hus kan denne utviklinga frå enkel tømra kjerne til fullferdig midtgangstype ta opptil 50-75 år. Årsaka til denne prosessen må ein sannsynlegvis sjå i forhold til trondhjemskonkurransen og terremessige tilhøve. Etter omlag 1825 vert som oftast begge einingane oppført samtidig.

Etter ca. 1825 vert det vanleg å tilføre husa kontinentale stiltrekk i detaljutforminga. Det vil seie at bygningane får element av Ludvig Seize (fram til 1800/1820) og empire og seinempire (1810 - 1870). Huset sin opptrinnlege symmetriske form gjer det enkelt å overføra desse stilretningane sine ideal (orden, symmetri) på tradisjonelle lokale hus. Det skal likevel peikast på at dei kontinentale tilhøva var utført som murtre konstruksjonar og gjengitt lokalt i treverk.

4.4.2 Sveitsarhusa

Etter kvart som det vart aukande handel med utlandet og ein betre økonomi og utdanning ser ein klart korleis dette får ein klar innverknad på vår estetiske oppfatning. At Noreg får eige slott på 1840-talet med sveitsarhus som vaktstover i slottsparken gjer ikkje saka mindre aktuell. Nå har òg Noreg noko felles nasjonalt å identifisere seg med. Politifiseringen med Jaabæk, Sverdrup og Ueland er òg med på å streka under det nasjonale.

I anda til sveitserstilen, det naturlege og det opprinnelige, ser ein at desse ideala vert førebilete for desse husa. Sveitserstilen sitt formutrykk står sterkt i heile perioden 1860-1940. Desse husa får ein planutforming i samsvar med "midtpipehuset", det vil seia tilnærma kvadratiske hus, omlag 7x8 meter, med pipa sentralt i huset. Dei innvendige veggene støtter fôrskjøve opp mot sjølve pipestokken slik at det kan verta laga rom av ulik storlek og kor alle romma har høve til å få montert omn. Bygningane får ofte ein asymmetrisk utforming.

Den produksjonstekniske kunnskapen gjer at ein nå er i stand til å utføra komplisert konstruksjonar og ornament på ein økonomisk forsvarleg måte. Veranda, eventuelt med glas, vert vanleg i denne

perioden. Glasformata vert større, noko som gjer at naturen kan trekkjast inn i stovene på eit nytt vis og som òg er i klar i samsvar med eigenarta til denne stilens samt eksponering av konstruksjonar etter prinsippet “det bærande - det bårne”. Dragestil, jugend og 20-tallsklassisme (1880-1930) er det få eller ingen eksempel av.

4.4.3 Funksjonalismen 1925 - 1965

Typiske trekk ved denne perioden er at ein tok fullstendig avstand frå dekorative element. Den klare velproporsjonerte hovudforma er idealet. Lokalt er det i hovudsak i offentlege bygg desse idealane kjem til uttrykk, samt i enkelte næringsbygg.

4.4.4 Ferdighuset frå 1965 fram til i dag

Frå 1965 og framover er det “ferdighuset/typehuset” som klart dominerer busetnaden. I dei seinare åra er det blitt vanleg å tilføre desse stilhistoriske element, i hovudsak henta frå sveitserstilen.

4.5 Driftsbygningar og sekundærbygningar

Ved sida av bygningar som kan knytast opp til den kontinentale stilhistorie, som vanlegvis kjem til uttrykk på våningshus, må ein ikkje gløyma bygningar som har sin eigenart gjennom konstruksjonsprinsippet, det vil seia sjølve byggjeknikken. Medan stil- og kunsthistoria vert utvikla og omtala frå 1750 og opp mot 1800, er den byggjekniske tradisjonen mykje eldre. For grind/stavkonstruksjon kan det vere mogleg at me her har ein ca. 3500 år gammal ubroten tradisjon.

Dei tre konstruksjonsmetodane som ein i det store og heile har nytta seg av er grind/stavkonstruksjonen, laftverk og bindingsverk. Desse tre konstruksjonsmetodane er eit resultat av konstruksjonens ibuande eigenskapar knyta opp mot den material økonomiske situasjonen i dei forskjellede delar av landet. Lokalt er det grind/stavkonstruksjon og laftverk som har dei lengste tradisjonane og som var dei vanligaste. Bindingsverket kom fyrst i bruk frå ca. 1850. Fyrst i drifts- og lagerbygningar og frå 1945 i våningshus. At bindingsverk er av ein så relativt ny konstruksjonsmåte må sjås i forhold til den industrielle utviklinga (kravet til presise dimensjonar) og moglegheita til å utføra denne konstruksjonen med isolert ytterveggar.

4.6 Bygningsmiljø

Eit godt døme på den tradisjonelle langsiktige bruk av eit konkret område er Gjedrem. Til tross for at det ikkje her har vore regulerande planar og bestemmingar, har dei enkelte gardane utvikla seg i samsvar med tradisjonell bruksmetode og står fram som eit av dei mest interessante områda i Bjerkeim, både med omsyn til drift og vedlikehald. I tillegg er det spesielt garden er bygd opp på eit relativt lite område.

Ved sida av landbruksområde, har me enkeltbygningar som Åsen og Kløgetvedtunet. Det er òg eit godt utval av uthus, kverner, tørker, driftsbygningar og fjøs som er med på å fortelja Bjerkeim si historie.

Det er viktig å ta omsyn til bygningsmiljø og enkeltmiljø dersom ein skal utarbeide reguleringsplanar for t.d. Trollshaugane, Bjerkeim og Gjedrem. Dette er tre områder som er spesielle og verdfulle for Bjerkeim og historia i bygda.

I kulturminnevernet er det vanleg å fokusera på enkeltobjekt, det vil seia vern og vedlikehald av eit og eit bygg. Det er likevel viktig å ha eit bevisst forhold til samanhengen mellom dei. Til dømes kan eit gardshus utan relasjoner til tidlegare driftsbygningar berre fortella ein liten del av historia til ein plass. Det er såleis viktig å tenka heilskap i forvaltinga av kulturminne og kulturmiljø.



Spødekåne

5.0. ANSVAR OG VERKEMIDDEL I KULTURMINNEVERNET

Generelt er det eit felles ansvar å ta vare på kulturarven vår. Når det gjeld faste kulturminne er det eigar og/ eller grunneiger som har det daglege vedlikehaldsansvaret, medan offentlege instansar har eit overordna ansvar (Kulturminnevernplan for Hå kommune 2005-2016:8).

5.1 Ansvar

5.1.1 Offentleg ansvar

Kommunen har ansvaret for planlegging og målretta politisk og administrativt arbeid på kulturminnefeltet. Kulturminneforvaltninga i fylkeskommunen skal sjå til at kommunane og andre tek dei nødvendige omsyna (:8).

5.1.2 Eigaren sitt ansvar

Etter plan- og bygningslova er alle som eig eit hus forplikta til å vedlikehalda det. Med god grunn er dei fleste eigarane stolte av husa sine, og dei skal ha æra for at dei med jamt vedlikehald medverkar til å sikra dei kulturminna vernemyndighetene har peika ut som særverdfulle. Eigrarar som har hus i verneklassen A og B blir likevel oppfordra til å ta kontakt med kommunen før dei set i gang med større vedlikehald.



Restaurering, Vikeså

5.2 Lovar

I forvaltinga av kulturminne er det tre lovar ein må forholda seg til: Kulturminnelova, Naturvernlova og Plan- og bygningslova. Her blir berre delar av hovudinnhaldet knytte til kulturminne skissert. For meir informasjon om lovverket kan ein ta kontakt med kulturkontoret, landbrukskontoret eller teknisk etat i kommunen, eller til dømes nytta www.lovdata.no.

5.2.1 Kulturminnelova

Formålet med Kulturminnelova blir skissert i §1: *"Kulturminner og kulturmiljøer med deres egenart og variasjon skal vernes både som del av vår kulturarv og identitet og som ledd i en helhetlig miljø- og ressursforvaltning. Det er et nasjonalt ansvar å ivareta disse ressursene som vitenskapelig kildemateriale og som varig grunnlag for nålevende og fremtidige generasjons opplevelse, selvforståelse, trivsel og virksomhet. Når det etter annen lov treffes vedtak som påvirker kulturminneressursene, skal det legges vekt på denne lovs formål"*.

Lova definerer mellom anna kva eit kulturminne er og kva for vern dei har (sjå kapittel 2, avsnitt 2.2.1). Det er Riksantikvaren og fylkeskommunen som gjer vedtak etter Kultuminneloven.

5.2.2 Naturvernlova

Naturvernlova heimlar landskapsvern. Lova gir heimel for vern av både område og bygningsmiljø. I § 5 heiter det: *"For å bevare egenartet natur- eller kulturlandskap, kan areal legges ut som landskapsvernområde"*.

5.2.3 Plan- og bygningslova

